



Godt utval i vakre blomar hos Gros Blomster.

Utanfor Gro`s Blomster lyser det alltid opp. Fargerikt og vakkert oppstilt! På denne årstida er det naturleg nok ekstra mykje som pyntar. Når vi køyrer forbi, legg vi merke til det gode utvalet i vårblomar. Her er det mykje å velja i som kan pynta så flott rundt omkring.

Då vi spør innehavar Gro Hjelmeland om korleis salget og aktiviteten har vore denne våren og forsommaren, er svaret som venta. - Vi kom jo veldig seint i gang, og det var jo naturleg ut frå vertilhøva vi hadde. Når det først starta, har det verkeleg gått unna! Framleis sel vi godt med vårblomar, og vi må stadig fylle på med nye blomar. Mange plantar framleis, og det er derfor viktig at vi har eit breitt og variert utval, seier Gro, blid som alltid.

Foto: Thor Inge Døssland.